



Saksprotokoll

Organ: **Fylkesutvalet**

Møtedato: 02.11.2018

Sak nr.: 18/7437-3
Internt l.nr. 49922/18

Sak: 119/18

Tittel: **Avslutning av Statfjord A - Høyring av konsekvensutgreiing**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at hovudtilnærminga for avslutning av Statfjord A bør vere at alle innretningar på sokkelen - som ikkje lenger er i bruk - skal fjernast.
2. Konsekvensutgreiinga argumenterer med at det er vanskeleg å fjerne betongunderstellet på ein sikker og økonomisk forsvarleg måte. Norsk petroleumsnæring har sidan starten vist gode evner til å løyse krevjande utfordringar. Berre på norsk sokkel må svært mange installasjonar fjernast i åra som kjem. Dette bør inspirere til at ein ut frå miljøomsyn, så vel som omsyn til norsk teknologiutvikling og verdiskaping, må arbeide for maksimal opprydding på sokkelen.
3. Ilandføring til Noreg for opphogging og resirkulering er viktig. Mange avslutningsprosjekt vil i sum representere stor verdiskaping også på land. Det er viktig at utvikling av norsk kapasitet vert stimulert gjennom konkrete oppdrag, slik at mest mogleg av verdiskapinga kan skje innanlands.
4. Enkeltløftmetoden framstår som god med omsyn til helse, miljø og tryggleik ut frå færre operasjonar offshore og meir arbeid under kontrollerte forhold på land. I tillegg er det grunn til å tru at fjerningsoperasjonane offshore vil gå raskare, noko som burde slå positivt ut økonomisk. Metoden vart nytta med suksess ved fjerning av Ymeplattforma. Seinare er den tyngre dekksmodulen på Brent Delta-plattforma fjerna på same måte.
5. På Lutelandet i Sogn og Fjordane, i denne samanheng «næraste nabø» til Statfjordfeltet, vert det satsa mykje på opphogging og resirkulering av offshoreinstallasjonar. På dette industriområdet ligg det godt til rette for effektiv ilandføring av store konstruksjonar som komplette dekksanlegg, noko som vart demonstrert ved ilandføring av Yme. Innseglings-forholda er gode og grunnforholda toler svært tunge konstruksjonar. Lutelandet er eit stort område der ein vil kunne setje på land fleire installasjonar ved sidan av kvarandre. Området ligg vidare slik til at arbeid med opphogging og resirkulering er til minimal sjenanse for omgjevnadane. Det vart ikkje registrert klagar knytt til arbeidet med Yme.